

sola



Trio: Elise Førde, Laila Beathe Førde og Randi Stoveland trollbatt publikum med tre saksofonar.



Platedebutantar og publikumsyndlingar

– Vi er glad for at vi platedebuterer her i Bremanger, og dette er årets julegåve, sa Roger Alan Ivin og hausta applaus på familiearrangementet laurdag.

Grappa Green Granadas hadde ein travel i laurdag. I tillegg til å drive oppsøkjande sal av det nye albumet, hadde dei både konsert under familiearrangementet, offisielt plateslepp på Havly og ikkje minst: Dei var siste band ut på hovudsce-
na laurdag.

– Vi skal spele seint. Og det skal bli spanande å sjå korleis det går, seier Roger Alan Ivin før konserten.

Green Granadas vart starta i Sogndal i 1995, der bandmedlemmene studerte. Dei nøydde seg då med ein konsert i året, som var ei årleg storhending for studentane i saftbygda. Bandet består av Roger Allan Ivin, Inge Villy Hauge, Odd-Erik Lothe, Jarle Bernhoft og Ståle Wick, som alle er godt kjent frå andre samansettingar som Span og Fabel.

Green Granadas fenga publikum med gode gamle slagarar frå 50- og 60-talet. Til plata har dei i tillegg skrivne sine eigne låtar som òg vart framført denne helga.

Blant anna har dei gjort Michael Jackson sin «Beat it» om til ekte rock and roll.

Ein av dei som likar Green Granadas ekstra godt er Aksel Hauge Vedvik (5). Mykje av grunnen til det er onkelen, Inge Villy Hauge, som er ståande trommeslagar i


den populære grappa.

– Eg skal òg bli rockestjerne, akkurat slik som onkel, seier Aksel og klimprar litt på den vesle gitaren sin.

Ikkje alle medlemmane i Green Granadas fann vegen til Bremanger denne helga.

Roger Alan Ivin forklarar at dette skuldast at Odd-Erik Lothe ventar born om ei veke.

■ ■ Green Granadas er det første bandet som har hatt plateslepp under Rockweekend i festivalen si 20 år lange historie.



Rockestjerne: Aksel Hauge Vedvik vil bli rockestjerne som onkelen i Green Granadas.

ar ordna god start

jam på torsdag er ein fast tradisjon. Nytt av året er at eit husband og med Laila Beathe Førde i spissen for husbandet, var tida mellom innslaga langt mindre i år enn tidlegare.

Etter at kultursjef Espen Frøysland hadde gjennomført den offisielle opninga, entra duoen Elisabeth Solbakken og Ingeborg Galaasen scena. Dei fekk med seg Laila Beathe Førde og lista var lagt. Publikum var med, og for å vere så tidleg på kveld var det allereie mykje folk. Så var det Tore Rylandsholm sin tur, deretter Tommy Nigardsøy frå Svelgen og då byrja publikum å komme seg ut på dansegolvet.

Oddmar Varpe fekk kveldens største applaus då han entra scena saman med sine to søner og ein gut han er onkel til. At den rutinerte musikaren kan sine saker er det liten tvil om. Deretter gjekk det slag i slag til vel eit par timar etter midnatt.

– Dette var oppvarminga, no gler vi oss til resten, seier June Førde, og det gjer garantert publikum og.

Plateslepp: Green Granadas slapp si første plate på Bremanger Rockweekend i helga.

